



Kviteseid misjonskyrkje

MISJONSKIRKEN NORGE

Referat frå styremøte onsdag 27. februar 2019

Til stades:

Ane S. Holm (2018-2019)

Åsbjørg Hægeland (2019-2020)

Sigrun Lønning Solvang (2019-2020)

Øystein Kvamme (2018-2019)

Mari Songe (2018-2019)

Opning: Dagens bibelord ved Sigrun Lønning Solvang

Mat: Kringler frå strikkekafeen

Sak 5/19: [Konstituering](#)

Leiar for styremøta: Sigrun Lønning Solvang

Kontaktperson i Brønnøysundregisteret: Sigrun Lønning Solvang (Oddvar må overføre rettigheten til Sigrun.)

Sekretær: Åsbjørg Hægeland (Lage referat, innkalling og sakliste)

Styrets representant i diakoniutval: Mari Songe

Styrets representant i godhetsveka: Øystein Kvamme

Styrets representant i fellesmøtekomiteen: Ane S. Holm

Styrets representent i sundagstreffkomitèen: Åsbjørg Hægeland

Sak 6/19: [Godkjenning av referat frå styremøtet 23. januar 2019](#)

Referatet vart godkjent med ei lita justering i saka om campingvogna til Christian.

«Spleising på campingvogn til rumeneren Christian. Kristen Salmelid har kjøpt ei campingvogn til 3000 kroner. Styret vedtok å sponse denne med 1000 kroner på villkår av at vogna blir brukt til bustad for Christian.»

Sak 7/19: [Evaluering av / samtale rundt årsmøtet \(protokoll vedlagt saman med justert årsmelding\)](#)

Vi gjekk gjennom protokollen frå årsmøtet og denne vart skriven under.

Åsbjørg er blitt spurt om å halde fram i 20 % stilling også neste skuleår og må svare på dette innan 1. mai. Styret presiserer at desse prosentane ikkje treng å vere oppstart av nye aktivitetar.

Vi samtalte om kvifor vi ikkje veks og blir fleire i kyrkja vår, og vidare om potensialet vårt i det diakonale og mellom dei framand-kulturelle.

Sak 8/19: [Brev frå MKN om førebygging og handtering av seksuelle krenkingar. Vegen vidare med implementering på Betel](#)

Sigrun las opp brevet frå generalsekretæren om dei nye retningslinene for førebygging og handtering av seksuelle krenkingar (datert 11.12.2019).

Alle i styret må lese dette skrivet (63 sider) innan neste styremøtet.

Sigrun formidlar del 3 til leiaren i strikkekafeen.

Neste årsmøte vil informere kort om at dette er gjort, og årsmøtet vil få utlevert kopi av den eine sida med oppsummeringa av desse retningslinjene.

Sak 9/19: [Møte med menighetsrådgiver Anne Margrethe Mandt-Anfindsen](#)
sundag 3. mars kl. 14

Saker vi ynskjer å snakke om på dette møtet:

- Status for menigheten
- Vekstpotensialet vårt
- Stilling /ressursbruk

Sigrun snakker med Jan Danielsen om fakta-tal ang menigheten.

Sigrun formidler til Anne Margrethe: nettsida, årsmelding, vegleiiing osv.

Sigrun bestiller mat på Kvitsund.

Det er dessverre kun tre av styrets medlemmar som har høve til å vere med på dette møtet: Sigrun, Ane og Åsbjørg.

Sak 10/19: [Avklaring av kasserarrolle](#)

Magnus har sagt ja til å ta seg av kasseraroppdraga som dukkar opp inntil vi har fått ei ny ordning på plass.

Åsbjørg og Øystein kontaktar Gunnar Ruud (Rekneskapskontoret) og KNIF for tilbod frå desse om kva dei tek for å ta seg av alt rekneskapet for oss.

Vi prøver å få avklart dette før neste styremøte, med mail-kontakt ved behov.

Sak 11/19: Eventuelt

Bibeltime i vår: Johan Hammerich kjem søndag 7.april kl 19.00 og har tema om nådegåver. Han vil gjerne sende oss førebuing-spørsmål om dette på førehand. Vi spør Gunhild Berntsen om å leie dette møtet.

Godhetsveka: Øystein har vore på møte i dag (27/5) og orienterte om dette. Han har i år eit sikkerhetsansvar i forhold til oppdraga. Godhetsveka er 6. mai til 12. mai. Fredheim blir nytta til lokale.

Fellesmøtekomiteen: Ane orienterte:

- *Kviteseid frikyrkjelege foreining* er no oppretta i Brønnøysund-registeret. Dette gjer det enklare i forhold til økonomi. Det skal haldast årsmøte, og Ane er vår representant til styret.
- Fellesmøte-komiteen var ikkje innstilt på å vere medarrangør på Levande-Tru-seminar, men var positive til å støtte opp om arrangementet dersom vi arrangerer dette. Åsbjörg kontaktar Linda A. Johansen. Fleire av dei andre meninghetane sit også med planar om større arrangement komande skuleår.
- Ane gjekk gjennom dei ulike oppgåvene ho skulle skaffe folk til på fellesmøta.

Neste styremøte er 10. april kl 18.00.

Mari ordnar mat og opning.

Åsbjörg Hægeland, sekretær